

# Økonomiforum 8.4.2015

---

Det vart informert litt om arbeidet med implementering av tiltaka i AU-prosjektet. Arbeidet vil starte med utvida økonomiforum onsdag 15. april, og informasjon vert sendt ut på e-post i forkant av møtet.

Problematikken med differanse mellom inntektsført og kostnadsført i PA vart gjennomgått. Ei oversikt over avvik per februar vil bli sendt ut, og institutta vart oppmoda om å ta tak i avvika før tertialavslutning.

I samband med gjennomgangen om inntektsført og kostnadsført vart følgjande problemstillingar knytt til PA løfta:

- Avtalebeløp vert ofte ikkje oppdatert i forms ved endring i PA, og ein får dermed ikkje basisbudsjettet. Vidare er det eit problem at feilmeldinga ikkje vert synleg før budsjettet er sendt til basisbudsjettering.
- Usikkerheit rundt kva tidspunkt det er best å oppdatere overheadsats i PA, før eller etter hovudlønnskøyring.
- Rutine for føringar på artane 9086/9186 vart etterlyst.
- Tidspunkt for ny løysing for budsjettering i PA, samt for innføring av fleksibel overheadsats i PA, vart etterlyst.

Fakultetet vil opprette «issue» på desse problemstillingane.

Det vart informert om rutinar for lønning av IAESTE-praktikantar. Informasjon om rutinane vil også bli gjort tilgjengelege på wiki-sida. Vidare vil oversikt over tildelte praktikantveker bli sendt ut til institutta, når fakultetet får den tilsendt frå IAESTE.

Institutta vart oppmoda om å melde inn tema til økonomiforum, og gjerne også presentere dei i møta.

Det kom innspeil om at det er eit problem at det ikkje er mogeleg å inkludere VAT på faktura til utanlandske kundar, utan å skrive det i referansefeltet. Fakultetet vil opprette «issue» på dette.

Vidare kom det innspeil om at hospitering kunne vore eit nyttig tiltak.